

**Fra:** Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)

**Sendt:** 20.10.2017 09:41:23

**Til:** 'Egil Ovesen'

**Kopi:** Ronny Skaar

**Emne:** SV: Reiseutjamning

**Vedlegg:** image001.png

Hei Egil,

Takk for det!

Eg har snakka med leiar om innhaldet i samtalen eg hadde med deg før ferien. Som eg nemnte for deg den gong, så kom det då fram ny informasjon for oss. Med «eigar av festivalen» meinte vi UKM Norge, ikkje Rogaland fylkeskommune som var vertskap og produsent. At Rogaland fylkeskommune sitter igjen med eit så stort økonomisk ansvar når det nettopp ved reiseutgifter rår stor usikkerheit ved, gjer «flyttemodellen» av UKM-festivalen veldig sårbar.

Konklusjonen er at vi aksepterer den auka deltakaravgifta og trekker dette frå budsjettet til UKM Hordaland.

Ønskjer deg ein god helg.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Egil Ovesen [mailto:egil.ovesen@rogfk.no]

**Sendt:** 19. oktober 2017 16:01

**Til:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>

**Emne:** VS: Reiseutjamning

Hei Marianne! Håper du har hatt ein bra ferie.

Har dokker fått sett på dette?

Helsing Egil

---

**Fra:** Egil Ovesen

**Sendt:** fredag 29. september 2017 14:27

**Til:** 'Marianne Ose Askvik' <[Marianne.Ose.Askvik@hfk.no](mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)>

**Kopi:** 'Torstein Siegel' <[torstein@ukm.no](mailto:torstein@ukm.no)>

**Emne:** SV: Reiseutjamning

Hei Marianne og takk for sist!

Eg har ikkje høyrte noko meir frå dokker om dette og har prøvd å ringa deg eit par gonger. Kan du ringa meg tilbake på 41508548?

Helsing Egil

---

**Fra:** Egil Ovesen

**Sendt:** onsdag 20. september 2017 14:22

**Til:** 'Marianne Ose Askvik' <[Marianne.Ose.Askvik@hfk.no](mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)>; Ronny Skaar <[Ronny.Skaar@hfk.no](mailto:Ronny.Skaar@hfk.no)>

**Kopi:** Torstein Siegel <[torstein@ukm.no](mailto:torstein@ukm.no)>

**Emne:** SV: Reiseutjamning

Hei Marianne og Ronny og takk for e-post.

Me kan ikkje pålegga Hordaland å bidra med dei 250 kronene per deltakar som trengst for å få reiseutjamninga for fylka til å gå opp, men me vil likevel be om forståing for at me ønsker å gjera det slik.

Som eigar av prosjektet har me hatt kontroll på våre utgifter, og overforbruk i festivalbudsjettet ville vore vårt ansvar.

Når det gjeld reiseutjamninga, har me ikkje kunna hatt kontroll på utgiftene til dei einsskilde fylkeskommunane. Me la inn i budsjettet at reiseutgiftene ville bli høgare i år enn tidlegare år, men nokre av fylka fekk ekstra høge reiseutgifter som me ikkje kunne føreseia.

Reiseutjamninga er meint å vera ei rettviss fordeling av reiseutgifter mellom fylka, slik at dei fylka som ligg lengst unna ikkje skal få høgare reiseutgifter enn dei fylka som har kort reiseveg. Dei fylka som har hatt låge reiseutgifter, dekkjer fyrst sine eigne reiseutgifter og får så ei rekning frå UKM-festivalen på sitt bidrag til reiseutjamninga. Desse midlane blir brukt til å refundera reiseutgifter til dei fylka som har hatt høge reiseutgifter.

Då alle fylka hadde sendt inn utgiftene sine i år, hadde me ein situasjon der dette reknestykket ikkje gjekk opp. Formelt sett kunne me hatt vera å godkjenna alle utgiftene til nokre fylke, men me valde å vidareføra solidaritetsprinsippet i reiseutjamninga. I tillegg la me som arrangør 100.000 kroner ekstra i potten samanlikna med 2016.

Reiseutjamninga er ei ordning som har gjort at Hordaland har fått sponsa reiseutgifter når festivalen har vore i Trondheim med bidrag frå dei fylkeskommunane som har hatt lågare reiseutgifter. I 2014 fekk Hordaland sponsa kroner 38.550 av reiseutgiftene sine, i 2015 kroner 24.798 og i 2016 kroner 31.421.

I år var Hordaland eit av fylka med kortast reiseveg. Likevel vil det samla bidraget frå Hordaland til reiseutjamninga berre vera kroner 1.258 utan den auka me har bedd om.

Sett i samanheng med at Hordaland vanlegvis er eit av dei fylka som drar nytte av reisefordelinga dei åra festivalen er i Trondheim, meiner me at det me har bedd om ekstra i år ikkje er eit urimeleg bidrag det året Hordaland er blant dei to fylka med kortast reiseveg.

Me tar sjølvkritikk for at me ikkje la inn eit atterhald i Informasjonsskriv nummer ein om at bidraget til reiseutjamninga var rettleiande og kunne bli auka dersom dei samla reiseutgiftene blei uføresett store.

Med vennleg helsing

Egil Ovesen  
Prosjektleder for UKM-festivalen 2017  
Kulturavdelinga  
Rogaland fylkeskommune  
51516886

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik [<mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>]

**Sendt:** tirsdag 19. september 2017 12:53

**Til:** Egil Ovesen <[egil.ovesen@rogfk.no](mailto:egil.ovesen@rogfk.no)>

**Kopi:** Ronny Skaar <[Ronny.Skaar@hfk.no](mailto:Ronny.Skaar@hfk.no)>

**Emne:** SV: Reiseutjamning

Hei,

Viser til e-post under der det vert vist til samråd med UKM Norge om at eigenandel per deltakar vert auka med 250 kroner. For Hordaland fylkeskommune vil det innebere ein tilleggskostnad på 7.250 kroner, ein tilleggskostnad som ikkje er lagt inn vårt UKM-budsjett.

I «Informasjonsskriv 1 til fylkeskontaktane» står det tydeleg under pkt. 1.4 Kostnader: «Subsidert deltakaravgift: 1.200 kroner, Eigenandel reise: 1.450 kroner», og vidare under pkt. 12 – reise og reiseutjamning at «Fylke som har eit godkjent forbruk på meir enn 1 450 kroner per deltakar, får tilbakeført differansen. Dei fylka som har brukt mindre enn 1 450 per deltakar får ein faktura på differansen».

Av omsyn til informasjonsskrivet er det i budsjettet til UKM Hordaland lagt inn  $1200+1450 = 2.650$  kroner per deltakar som representerer Hordaland under UKM-festivalen. Det er ikkje høve for å auke dette så seint på året.

Ein kan forstå at reiseutgiftene til UKM-festivalen totalt sett vart høgare i år enn det det har vore tidlegare år. Grunnane som er nemnt er likevel grunner som burde vore kjent for festivalarrangør og UKM Norge og såleis vore lagt inn i budsjettet for UKM-festivalen 2017.

Til dømes kan det nemnast at kostnadene til gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland 2016 vart høgare enn budsjettet. I dette tilfellet ville det aldri ha vore aktuelt å sende ein melding til alle kommunane i etterkant om at deltakaravgifta vart høgare det året. Det er eigar av arrangementet som eig budsjettet og som såleis må ta ansvar for eventuelle endringar i rekneskapen.

Vennleg helsing

**Ronny Skaar**

Utviklingssjef

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

og

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Egil Ovesen [<mailto:egil.ovesen@rogfk.no>]

**Sendt:** 13. september 2017 14:44

**Til:** [arrangerer@ukm.no](mailto:arrangerer@ukm.no)

**Emne:** Reiseutjamning

Til alle fylkeskontaktane!

Dei totale godkjende reiseutgiftene til festivalen 2017 er på 1.107.664 kroner. I 2016 var dei godkjende reiseutgiftene til festivalen på 871.515 kroner. Dei er altså 236.149 kroner (27 %) høgare enn i fjor.

Nokre døme er:

Finnmark 104.619 (2016) og 152.755 (2017)

Oppland 38.838 (2016) og 135.554 (2017)

Akershus 0 (2016) og 37.330 (2017)

Det er gode grunner for dette (Rogaland er lenger enn Sør-Trøndelag å reise for dei nordlegaste fylka,

nokon av deltakarane fekk fullflex-billetter av di dei kunne komma opp til munnleg eksamen dei fyrste to festivaldagane og me fekk ikkje sponsa togbilletter på Sørlandsbanen.). Samstundes er det berre nokre få fylke som har lågare reiseutgifter i år enn tidlegare.

I samråd med UKM Noreg ber me derfor om forståing for at me må auka eigenandelen til reiseutjamninga med 250 kroner per deltakar for å få reknestykket til å gå opp. I tillegg tar me meir av festivalbudsjettet enn tidlegare år til å sponsa reiseutjamninga (139.815 kroner i 2016 opp til 241.314 kroner i 2017).

Me trur dette er ei meir rettferdig fordeling av ekstrakostnadene til reise enn å måtta redusera i reiseutjamninga til dei fylka som av grunner utanfor deira kontroll fekk høgare reiseutgifter i år enn tidlegare.

Helsing Egil